

OVERSIKT OVER PÅGÅANDE EKSTERNE TILSYN OG REVISJONAR

Oppsummering

Raud tekst: Nytt sidan førre notat.

SAKSNR	TILSYNSORGAN	TILSYNSOBJEKT	TEMA FOR TILSYNET	STATUS
2020/1405	Årdal brannvern	Lærdal sjukehus Helse Førde HF	Integrering av brannførebygging i HMS- systemet. Verifisering av HMS- systemet ved gjennomgang av branndokumentasjon for objektet. Verifisering av branndokumentasjon ved synfaring.	Ope
2018/4325	Helsedirektoratet	Helse Førde HF	Dokumentkontroll av opphald i DRG 475A sjukdomar i åndedrettsorgan med ventilasjonsstøtte	Ope
2020/1407	Fylkesmannen i Vestland	Helse Førde HF	Spesialisthelsetenester til utlokaliserde pasientar	Ope
2020/1406	Arbeidstilsynet	FSS Barnehabiliteringa	Inneklima	Ope
2020/1408	Luftfartstilsynet	FSS Helikopterplass	Landingsplasser og luftfartsanlegg	Ope
2020/1410	KIWA	FSS Nordfjord sjukehus	Resertifisering miljøstyringssystem	Lukka
2020/1451	DSB	FSS, Nordfjord sjukehus, Lærdal sjukehus	HMS/ kvalitet Håndtering av medisinsk utstyr Vedlikehold av medisinsk utstyr Vedlikehold av elektrisk utstyr og elektrisk anlegg	Lukka
2020/1153	Arbeidstilsynet	Rusbehandling Tronvik	Førebygging av vold og truslar	Ope
2020/1155	Arbeidstilsynet	DPS Tronvik	Førebygging av vold og truslar	Ope
2020/1401	Riksrevisjonen	Helse Førde HF	Forvaltningsrevisjon av investeringer i bygg og medisinsk-teknisk utstyr i	U.off.

SAKSNR	TILSYNSORGAN	TILSYNSOBJEKT	TEMA FOR TILSYNET	STATUS
			helseforetakene – oversendelse av informasjon	

Rapport: Pågående eksterne tilsyn

Rapporten gjeld systemtilsyn gjennomført av eksterne tilsynsorgan, som er retta mot Helse Førde HF eller einingar i føretaket.

Referanse	2020/1405 (2006/85) Integrering av brannførebygging i HMS-systemet. Verifisering av HMS-systemet ved gjennomgang av branndokumentasjon for objektet. Verifisering av branndokumentasjon ved synfaring.
Status	Ope
Tilsynsorgan	Årdal brannvern
Tilsynsobjekt	Helse Førde HF, Lærdal sjukehus
Tilsynsvarsel	Ikkje varsla
Tilsynsvitjing	27.02.2018
Tilsynsrapport	Mottatt 19.04.2018 Fem avvik knytt til: <ul style="list-style-type: none"> 1. Kunnskap og informasjon om brannikkerheit i bygget 2. Risikokartlegging 3. Kontroll og vedlikehald av bygningsdelar og sikkerheitsinnretningar 4. Eigardokumentasjon 5. Brukardokumentasjon
Tilbakemelding	19.04.2018 Tiltak: <ul style="list-style-type: none"> 1 Gjennomføre tilsynsrapport for LSH <ul style="list-style-type: none"> - Kontakt med relevante firma er i gang - Skaffe fram arkiverte byggemeldingar frå sjukehus/ fylkeskommune/ helseføretak og Lærdal kommune 2 ROS vurdering knytt til brannvern på ulike einingar <ul style="list-style-type: none"> - Samhandlingsmøte - Gjennomgang pr avd. - Utarbeiding av felles ROS for LSH 3 Gjere ferdig årsplan og avtaler om tilsyn for ulike element. Slokkeøvingar / evakueringsøvingar er planlagt 4 Sjå pkt. 1.1 – same eigardokumentasjon 5 <ul style="list-style-type: none"> - BV leiar kurs er gjennomført - Implementering av ny brannvernplan gjennomførast i mai mnd. - Slokkeøvingar og evakueringsøving (mai/juni) - Oppdatert årskjema for tilsyn, kontroll og brannvernaktivitetar
Status	Avvik 2, 3 og 5 er lukka. Helse Førde har vore i kontakt med firma for bistand med å lukke avvik 1 og 4.
	Arbeidet er godt i gang og det er forventa at det blir ferdig i løpet av mars 2020.
Avslutning	

Referanse	2018/4325 Dokumentkontroll av opphold i DRG 475A sjukdomar i åndedrettsorgan med ventilasjonsstøtte
Status	Ope
Tilsynsorgan	Helsedirektoratet
Tilsynsobjekt	Helse Førde HF
Tilsynsvarsel	03.12.2018
Tilsynsvitjing	05. – 06. februar 2019
Tilsynsrapport	Resultat frå dokumentkontroll blir presentert i årsrapporten for 2019.
Tilbakemelding	
Status	Tilsyn gjennomført. Ventar på rapport.
Avslutning	

Referanse	2020/1407 (2019/187) Spesialisthelsetenester til utlokaliserte pasientar
Status	Ope
Tilsynsorgan	Fylkesmannen i Vestland
Tilsynsobjekt	Helse Førde HF
Tilsynsvarsel	11.01.2019
Tilsynsvitjing	17. – 20. juni 2019
Tilsynsrapport	Helse Førde HF fekk tilsynsrapporten den 12.09.2019. Fylkesmannen i Vestland har konkludert med at det er eitt avvik: <i>«Helse Førde sørgjer ikkje for at iverksette tiltak for å redusere risiko for svikt ved utlokalisering av pasientar blir regelmessig evaluert og korrigert når det er naudsynt.</i> <i>Svikt i informasjonsoverføring og samhandling ved utlokalisering er ikkje følgd opp med korrigerande tiltak. Det er ikkje lagt til rette for at det til ei kvar tid ligg føre oversikt over kvar pasientar er utlokaliserte og kva lege som har ansvaret. Praksis ved visittgang hos utlokaliserte pasientar inneber at viktig informasjon kan gå tapt.»</i>
Tilbakemelding	Helse Førde har sendt tilbakemelding med oversikt over tiltak sett i verk, eller som er planlagt sett i verk, for å lukke avviket. Fylkesmannen i Vestland ønskjer å få tilsendt resultat frå eigenevaluering vi gjer etter ein og tre månadar. Dei vil og følgje arbeidet som blir gjort i etterkant av tilsynet inntil det er dokumentert at praksis er endra slik at informasjonsflyt i samband med utlokalisering og oppfølging av utlokaliserte pasientar fungerer som føresett. Frist for innsending av dokumentasjon er 15. mars 2020. Grunna arbeid med planlegging/beredskap knytt til korona, er fristen utsett til 23. mars 2020.
Avslutning	

Referanse	2020/1406 (2019/474) Tilsyn med inneklime og vurdere stans av arbeid i fleire kontorlokale i 0 etg.
Status	Ope
Tilsynsorgan	Arbeidstilsynet

Tilsynsobjekt	FSS, Barnehabiliteringa
Tilsynsvitjing	07.01.2019
Tilsynsrapport	30.01.2019 Før jul 2018 stengte verneombodet fleire kontorlokale i kjellaren ved Førde sentralsjukehus med omsyn til det fysiske arbeidsmiljøet. Arbeidstilsynet sin konklusjon var at det ikkje var umiddelbar fare for arbeidstakarane si liv og helse, og at det ikkje var grunnlag for å halde kontorlokala stengt, jf. arbeidsmiljøloven § 6-3 (1). Det er fatta vedtak om tre pålegg: <ol style="list-style-type: none"> 1. Arbeidsgivaren skal kartlegge og risikovurdere om arbeidslokale er utforma og innreidde slik at dei enkelte arbeidsplassane, personalromma osv. har eit tilfredsstillande inneklima. 2. Arbeidsgivaren skal sette i verk tiltak og / eller utarbeide ein plan for å fjerne eller redusere forhold som kan føre til helseproblem på grunn av dårleg inneklima. 3. Arbeidsgivaren skal sørge for at bedriftshelsetenesta hjelper til ved gjennomføringa av pålegg som er gitte.
Tilbakemelding	SINTEF er engasjert for å bistå i arbeidet. Dei har gjennomført synfaring i kjellaren og Helse Førde har motteke rapport frå synfaringa. Arbeidstilsynet er orientert om framdrifta.
Status	Det ikkje er nokon spesielle funn som forklarar plagene nokon av dei tilsette kjennar på. Helse Førde gjennomgår rapporten frå SINTEF og har dialog med hovudverneombodet om korleis vi skal ta dette vidare. Helse Førde har sendt tilsvar til Arbeidstilsynet om korleis avvika er handtert. Arbeidstilsynet har og fått rapporten frå Sintef og risikovurdering utarbeida av Bedriftshelsetenesta. I brev datert 13.11.2019 sa Arbeidstilsynet seg nøgd med opplysningane dei hadde motteke knytt til dei tre pålegga. Pålegga var oppfylt. I same brev varsla likevel Arbeidstilsynet om eit nytt pålegg. Den 03.12.2019 blei følgjande pålegg gitt: <ul style="list-style-type: none"> o Risikofaktorar – fjerne eller motverke risikofaktorar <p>For å lukke dette avviket må Arbeidstilsynet motta:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Dokumentasjon på gjennomførte tiltak som reduserer risikoen og konsekvensane for helsebelastning i 0. etasje i sentralblokka ved Førde Sentralsjukehus - Beskrive av korleis verneombod/tilsette og bedriftshelsetenesta har medverka <p>Det er gitt frist til 31. mai 2020 for å lukke avviket.</p>
Avslutning	
Referanse	2020/1408 (2018/4326) Tilsyn med landingsplasser og luftfartsanlegg
Status	Ope
Tilsynsorgan	Luftfartstilsynet
Tilsynsobjekt	Helikopterplass ved Førde sentralsjukehus
Tilsynsvitjing	19.09.2019
Tilsynsrapport	09.10.2019

	<p>I samband med tilsyn med landingsplass og luftfartsanlegg blei det avdekka tre avvik:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Det mangla system for loggføring av antall flybevegelser ved landingsplassen. 2. Det mangla system som sikrar trening og opplæring for personell i bruk av utplassert slokkeutstyr. 3. Det mangla vernehanskar på helikopterplassen.
Tilbakemelding	Helse Førde sendte plan for tiltak 20.11.2019. Luftfartstilsynet har vurdert tilbakemeldinga og planane for å lukke dei tre avvika som tilfredsstillande.
Status	<p>Føretaket må sende tilbakemelding om gjennomførte tiltak innan følgjande fristar:</p> <p>Avvik 1: 15.01.2019 Avvik 2: 15.01.2019 Avvik 3: 15.02.2019</p> <p>Helse Førde sendte tilbakemelding på dei tre avvika den 14. januar 2020 og ventar no på at Luftfartstilsynet skal vurdere tilbakemeldinga slik at dei kan lukke saka.</p>
Avslutning	

Referanse	2020/1410 (2019/3596) Revisjon – Miljø – ISO 14001:2015
Status	Lukka
Tilsynsorgan	KIWA
Tilsynsobjekt	Førde sentralsjukehus og Nordfjord sjukehus
Tilsynsvitjing	11. – 13. november 2019
Tilsynsrapport	<p>13.11.2019</p> <p>Revisjonsteamet anbefaler, basert på resultatane frå revisjonar i sertifikatperioden, at sertifisering vidareførast med atterhald om at avvik og merknadar blir lukka innan gitt tidsfrist. Det blei gitt tre avvik og tre merknadar, samt to forbetningspunkt.</p> <p>Avvikane var knytt til:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kjemikaliar <ul style="list-style-type: none"> - Medisinsk sengepost NSH - Teknisk drift Førde 2. Vernerundar <ul style="list-style-type: none"> - Medisinsk sengepost NSH - Radiologisk seksjon NSH - LMBB 3. Planlegging og styring <ul style="list-style-type: none"> - Innkjøpsprosessen <p>Merknadane gjeld:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Revisjonsprogram <ul style="list-style-type: none"> - Prosesser føretaket planlegger å revidere 2. Kompetanse og opplæring <ul style="list-style-type: none"> - Basert på ISO 14001:2015 3. Miljøpolicy <ul style="list-style-type: none"> - Interesseparter
Avslutning	Etter å ha motteke Helse Førde si tilbakemelding på avvika, lukka Kiwa tilsynet den 28.02.2020. Helse Førde er sertifisert etter ISO 14001/2015.

Referanse	2020/1451 (2019/5134) Handtering og vedlikehold av medisinsk utstyr, vedlikehold av elektrisk utstyr og elektrisk anlegg, HMS/kvalitet
Status	Ope
Tilsynsorgan	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
Tilsynsobjekt	Helse Førde HF (Førde sentralsjukehus, Nordfjord sjukehus, Lærdal sjukehus)
Tilsynsvarsel	03.12.2019
Tilsynsvitjing	13. – 17. januar 2020
Tilsynsrapport	22.01.2020 Tilsynsrapporten peika på eitt avvik og to merknadar.

Avvik:

- «Opplæring i sikker bruk av medisinsk utstyr er mangelfullt dokumentert. Det er også mangelfullt vedlikehold av den gitte opplæringen.»

Merknadar:

- «I overordnet prosedyre for melding av hendelser henvises det til at DSB skal ha melding. Dette er ikke lenger aktuelt da Forskrift om medisinsk utstyr i sin helhet er overført til Statens legemiddelverk.»
- «Flere av de intervjuede kjenner ikke til helseforetakets prosedyrer som beskriver opplæring i sikker bruk av medisinsk utstyr.»

Tilbakemelding	Helse Førde ga si tilbakemelding på korleis føretaket vil ta tak i funna 12.02.2020. Når det gjeld avviket vi Helse Førde gjennomføre ein systematisk kartlegging av 1)kva for avdelingar/einingar som har elektromedisinsk utstyr og 2)kva for avdelingar/einingar som har etablert kompetansplanar knytt til dette utstyret for alle relevante personellgrupper. Der ein finn manglande opplæring, eller dokumentasjon av denne, vil ein syte for å etablere kompetanseplanar etter felles modell. Gjennomføringa vil skje som eit samarbeid mellom Seksjon for kompetanse og utdanning og linjeleiarane for dei aktuelle kliniske/parakliniske avdelingane, der sistnemnde er ansvarlege for gjennomføringa. Dette vil sikre ei meir eins strategi for utarbeiding av kompetanseplanar, og samstundes syte for at nivået/krava i planane er tilpassa det behovet ein har innan dei ulike faga/profesjonane.
Avslutning	DSB avslutta og lukka tilsynssaka 18. februar 2020.

Referanse	2020/1153 (2019/5412) Førebygging av vald og truslar
Status	Ope
Tilsynsorgan	Arbeidstilsynet
Tilsynsobjekt	Rusbehandling Tronvik
Tilsynsvarsel	17.12.2019
Tilsynsvitjing	20.01.2020
Tilsynsrapport	03.02.2020 I tilsynsrapporten blei det peika på tre avvik: <ul style="list-style-type: none"> - <u>Bedriftshelseteneste - plan for bistand</u> «Arbeidsgiver skal i samarbeid med bedriftshelsetjenesten utarbeide en plan for bedriftshelsetjenestens bistand i virksomheten.»

Frist: 15.04.2020

- Arbeidstid - vurdering av om arbeidstidsordningane er fullt forsvarleg
«Arbeidsgiver skal vurdere om arbeidstidsordningane er fullt forsvarlig slik at hensynet til sikkerhet, helse og velferd er ivaretatt og iverksette nødvendige tiltak på bakgrunn av vurderingen. Verneombud/ansattes representant skal medvirke i å vurdere arbeidstidsordningane og utarbeide nødvendige tiltak.»
Frist: 01.04.2020.
- Vald, truslar om vald og uheldige belastningar - kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan
«Arbeidsgiver må forbedre virksomhetens kartlegging og risikovurdering ved arbeidssituasjoner som kan medføre at arbeidstaker blir utsatt for vold, trussel om vold og uheldige belastningar som følge av kontakt med andre. På denne bakgrunn skal arbeidsgiver utarbeide planer og iverksette tiltak for å redusere risikoen. Arbeidsgiver skal gjøre dette i samarbeid med verneombud/ansattes representant.»
Frist: 30.04.2020.

Tilbakemelding

Avslutning

Referanse	2020/1155 (2019/5413) Førebygging av vald og truslar
Status	Ope
Tilsynsorgan	Arbeidstilsynet
Tilsynsobjekt	DPS Tronvik
Tilsynsvarsel	17.12.2019
Tilsynsvitjing	15.01.2020
Tilsynsrapport	03.02.2020

I tilsynsrapporten blei det peika på fire avvik:

- Bedriftshelseteneste - plan for bistand
«Arbeidsgiver skal i samarbeid med bedriftshelsetjenesten utarbeide en plan for bedriftshelsetjenestens bistand i virksomheten.»
Frist: 15.04.2020
- Arbeidstid - vurdering av om arbeidstidsordningane er fullt forsvarleg
«Arbeidsgiver skal vurdere om arbeidstidsordningane er fullt forsvarlig slik at hensynet til sikkerhet, helse og velferd er ivaretatt og iverksette nødvendige tiltak på bakgrunn av vurderingen. Verneombud/ansattes representant skal medvirke i å vurdere arbeidstidsordningane og utarbeide nødvendige tiltak.»
Frist: 01.04.2020.
- Vald, truslar om vald og uheldige belastningar - kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan
«Arbeidsgiver må forbedre virksomhetens kartlegging og risikovurdering ved arbeidssituasjoner som kan medføre at arbeidstaker blir utsatt for vold, trussel om vold og uheldige

belastninger som følge av kontakt med andre. På denne bakgrunn skal arbeidsgiver utarbeide planer og iverksette tiltak for å redusere risikoen. Arbeidsgiver skal gjøre dette i samarbeid med verneombud/ansattes representant.»

Frist: 30.04.2020.

- HMS arbeid - opplæring i bruk av avvikssystem
«Arbeidsgiver skal sørge for at arbeidstakerne får opplæring i bruk av avvikssystemet.»

Frist: 01.04.2020

Tilbakemelding

Status

Avslutning

Referanse

Status

Tilsynsorgan

Tilsynsobjekt

Tilsynsvarsel

Tilsynsvitjing

Tilsynsrapport

Tilbakemelding

Status

Avslutning
